

NVE
PB 5091
0301 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 12/1281-54

Arkiv: K2-S11

Dato: 12.10.2017

REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR REGULERING AV HJARTDAL- TUDDALSVASSDRAGET


Synar til gjennomført synfaring av Hjartdal- og Tuddalsvassdraget 27. og 28. september 2017. Eg ynskjer å gjenta det eg sa avslutningsvis om ein positiv oppleving av at NVE ynskjer å sjå vassdraget med tilhøyrande anlegg nærare i ettersyn. Samstundes er det på sin plass og takke Skagerak for ein godt planlagd synfaring.

I samband med munnleg avslutning vart det opna for 14 dagars innspelsfrist i etterkant av synfaringa. Hjartdal kommune er kjend med at enkelte har nytta dette og påpeika ulike element som anten vart utelatt frå revisjonsdokumentet eller vart kommentert under synfaringa. Eg oppmodar NVE til å lytte til konstruktive innspel frå grunneigarar og andre aktørar som har svært god kompetanse om vassdraget og endring av negativ karakter gjennom 65 år med kraftproduksjon i området.

Hjartdal kommune har i kommunestyresak 121/15 vedtatt sitt høyringsinnspel som er sendt NVE tilbake i 2015. Nokre endringar av dette krev politisk handsaming. Underteikna, som deltok begge dagar på synfaring, ser inga grunn til å endre vår haldning, og nyttar såleis dette høve til å understreke at kommunen framleis meiner at vårt høyringsinnspel er nøkternt, fagretta og av akspetabel karakter å innfri for regulanten. Når det gjelder krav om magasinvasstand i sumarmånadene har ikkje vi kompetanse til å utfordre Skagerak på sine syn på kva utfordringar dette førar med seg. Hjartdal kommune meiner framleis at dette er eit særskilt viktig tema.

Av aktuell informasjon som blei kjend for underteikna under synfaringa ynskjer eg å peike på representanten Audun Solberg frå Hjartdal historielag. Han gjorde rede for særskilte interessante funn. Ei utbygging i dette området i dag hadde medført krav om arkeologiske undersøkingar. Eg vil difor tilrå at NVE set krav om arkeologiske undersøkingar i samband med vilkårsrevisjonen.

Med helsing



Bengt Halvard Odden
Ordfører